



Statens vegvesen Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar: Inge-Andre Håkull  
Vår: 15/2608 - 15/19079

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
26.10.2015

## Godkjenning - GBNR 25/170 - Dispensasjon og løyve til bygging av planfri gang- og sykkelveg under Krossnessundbrua

**Administrativt vedtak. Saknr: 384/2015**

**Tiltakshavar:** Statens vegvesen / Hordaland Fylkeskommune  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-4

### SAKSUTGREIING:

#### Saka gjeld:

Ved søknad journalført 29.9.2015 har tiltakshavar Statens vegvesen søkt om løyve til utbetring av Fossekrysset. I søknaden er tiltaket skildra slik:

«Bygging av ny planfri gang- og sykkelveg under Krossnessundbrua, slik at dei myke trafikantane slepp å krysse fylkesveg 564. Standarden på bussterminalen på Fosse skal også hevast, slik at den vert opparbeid med fortau, krysningspunkt på fv. 245 med universell utforming og nytt venteskur. I tillegg skal det byggast ein ca. 110 meter lang, 2 meter høg, innsynsskjerm for å ivareta privatlivet til gr.eigarane sør for bruva».

Søknaden omfattar dispensasjon frå krav om reguleringsplan i kommuneplanen sin arealdel.

Meland formannskap gjorde i møte 24.06.2015 slikt vedtak:

«Formannskapet i Meland nyttar hasteparagrafen i kommunelova § 13 og godkjenner at Statens vegvesen vil få dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens sin arealdel for

trafikksikringstiltak i Fossekrysset. Vilkåret er at søknad og all dokumentasjon blir sendt inn og at krava til varsling og høyring vert etterlevd. Administrasjonen kontrollerer materialet som kjem inn og godkjenner til slutt at vilkåra for å få dispensasjon etter plan- og bygningslova kap 19 er til stades. Det må sendast inn søknad om løyve til tiltak i tråd med reglane i SAK 10 § 4-3, jf plan- og bygningslova § 20-4 første ledd.

Grunngjevinga for vedtaket er at Statens vegvesen sit på steinmassar og trafikksikringsmidlar som er tenkt nytta i dette anlegget».

Formannskapet sitt vedtak er retningsgjevande for administrasjonen si handsaming av dispensasjonssøknaden. Den dispensasjonen som er gitt nedanfor er soleis politisk forankra i kommunen. Administrasjonen vurderer søknaden som tilstrekkeleg opplyst og klar for handsaming, jf Forvaltningsloven § 17.

#### **VURDERING:**

##### Nabovarsling:

Søknaden om dispensasjon og tiltak vart nabovarsla 17. og 18.9.2015 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje motteke merknader frå naboar.

##### Høyring og klagerett for sektormynde:

Dispensasjonssøknaden har ikkje vore sendt på høyring til statlege eller regionale sektormynde for uttale. Kommunen sitt vedtak skal likevel sendast Fylkesmannen i Hordaland v/Kommunal- og samfunnsplanavdelinga og Hordaland Fylkeskommune v/Regionalavdelinga for klagevurdering.

##### Plan- og lovgrunnlag:

Det er ingen godkjent reguleringsplan for Fossekrysset, som er eit offentleg veganlegg. Kommuneplanen sin arealdel (KPA) inneholder plankrav før søknadspliktige tiltak kan gjennomførast, jf føresetnaden 1.2.1. Området ligg sentralt i høve til nasjonale og regionale retningsliner for samordna areal- og transportplanlegging, og strekninga Frekhaug – Fosse – Flatøy – Knarvik vil dei neste 10 – 20 åra bli utvikla til større bustad-, nærings- og serviceområde med høgare utnytting enn den gamle kommuneplanen opna for.

Sakshandsamingsreglane i byggesaksforskrifta (SAK10) inneholder unntak frå søknadsplikt for tiltak etter kap. 20 i plan- og bygningslova (om byggjesøknad) når det gjeld offentlege veganlegg. Føresetnaden for dette er at anlegget er detaljert avklart i gjeldande reguleringsplan etter plan- og bygningslova, SAK 10 § 4-3 bokstav a. Dersom anlegget ikkje er detaljert avklart i reguleringsplan, må det sendast inn søknad om byggeløyve på vanleg måte, men vegvesenet treng ikkje søkje ansvarsrett, dokumentere kvalitetssikring og kontroll eller bli utsett for tilsyn.

Tidlegare reguleringsplan for Hatleberget/Fosse vart oppheva gjennom vedtaking av ny kommuneplan, jf føreseg 1.1. tabell 2 til kommuneplanen. Det er denne plansituasjonen som er bakgrunnen for søknaden frå vegvesenet.

Om kommunen sine vurderingar knytt til handsaming av slike søknader frå vegvesenet/fylkeskommunen er følgjande uttalt i rettleiaren til sakshandsamingsforskrifta (VSAK) § 4-3:

«Ved søknadsplikt får kommunen anledning til å sjekke at tiltaket ikke er i strid med planvedtak, jf. pbl. § 1-6, da det ikke er krav om reguleringsplan for å unnta etter § 4-3 første ledd bokstav a andre og tredje punktum.

Det legges til grunn at veimyndighetene selv håndterer aktuelle krav som ellers kunne stilles etter plan- og bygningslovgivningen, etter veglovens regelverk».

Administrasjonen legg dette til grunn ved handsaming av søknaden.

#### Dispensasjon frå plankrav:

Både heimel og vilkår for dispensasjon følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 19-2. I tillegg til vilkåra i denne lovføresegna skal det under sakshandsaminga takast omsyn til den generelle føremålsføresegna i pbl § 1-1.

Dei to grunnvilkåra for å gi dispensasjon er at omsyna bak føresegna det vert dispensed frå ikkje vert vesentleg sett til side og at fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene, jf. pbl § 19-2 andre ledd. Søknaden er vurdert opp mot omsyna bak føresegna det vert søkt om dispensasjon frå. Sentralt i administrasjonen sin vurdering har vore:

- Omsyna bak plankravet i gjeldande kommuneplan
- Omsynet til trafikktryggleik
- Omsyna til helse, miljø, tryggleik og tilgjenge
- Omsynet til natur, miljø og friluftsliv, m.a. naturmangfaldlova §§ 8-12
- Påreknelege fordelar og ulempar som følgje av at dispensasjon vert gitt

Administrasjonen vurderer at dispensasjon som omsøkt ikkje i vesentleg grad vil setje til side omsyna bak plankravet eller omsyna i lova si føremålsføresegna, jf pbl § 1-1. Dette fordi administrasjonen ikkje har grunn til å tru at gjennomføring av tiltaket vil binde opp eller gjere det vanskeleg å lage ein god reguleringsplan i ettertid. Skulle det gjennom ein slik prosess avdekkast trond for endringar eller ytterlegare tiltak, vil dette måtta handterast i ettertid av tiltakshavar.

Det avgjerande for kommunen er at omsøkt tiltak vil innebere ei vesentleg betring av trafikktryggleiken på staden samanlikna med situasjonen i dag. Tungtvegande samfunnsnyttige omsyn talar difor klart for dispensasjon, slik at ulykkesrisiko vert redusert i påvente av reguleringsplan.

Det vert elles vist til grunngjevinga for formannskapet i Meland kommune sitt vedtak av 29.9.2015, som administrasjonen i all hovudsak framleis finn å vere dekkande for kommunen sitt syn.

**Samla konklusjon:**

Administrasjonen finn at verken omsyna bak reglane det vert søkt om dispensasjon frå eller omsyna bak loven si føremålsføresegn vert sett vesentleg til side ved dispensasjon som omsøkt. Vidare finn administrasjonen etter ei samla vurdering at fordelane ved å gi dispensasjon vil vere klart større enn ulempene. Vilkåra for å gi dispensasjon som omsøkt er etter dette til stades, jf pbl § 19-2.

**Plassering av tiltaket, utforming og utsjånad:**

Når det gjeld plassering, utforming og utsjånad viser kommunen til at Statens vegvesen sjølv er ansvarleg for å etterleve aktuelle krav som følgjer av plan- og bygningslova og veglova, jf VSAK § 4-3 (a). Vedlagte teikningar, kart og prinsippskisse vert difor ikkje stempla godkjent av kommunen. Administrasjonen viser likevel til at tiltaket - etter gjennomgang av teikningsmaterialet - synast å stette plan- og bygningslova sine krav til utforming, funksjon og utsjånad, jf pbl §§ 29-1 – 29-4.

**VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av Plan- og bygningsloven § 19-2, jf § 11-6 dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel for bygging av ny planfri gang- og sykkelveg under Krossnessundbrua i samsvar med søknad journalført 29.9.2015. Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Vidare gir Meland kommune i medhald av pbl § 20-4, jf SAK § 4-3 (1) bokstav (a) løyve til bygging av ny planfri gang- og sykkelveg under Krossnessundbrua. Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

For utforming av tiltaket elles vert det vist til vurderinga over og vedlagte plan-, snitt- og fasadeteikningar stempla godkjent same dato.

Dei opplysninga om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at byggjeløyvet vart gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og veglova, så framt ikkje anna er bestemt ovanfor.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Fylkesmannen i Hordaland v/Kommunal- og samfunnsplanavdelinga og Hordaland Fylkeskommune v/Regionalavdelinga vert underretta om dispensasjonsvedtaket som kopimottakar for vurdering av klagerett.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland Hordaland Fylkeskommune	P.b 7310 Regionalavdelinga	5020 5020
---	-------------------------------	--------------

BERGEN BERGEN
------------------

**Mottakere:**

Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863
------------------------------	-------------	------

LEIKANGER
-----------